# sj-stempel» via Nav



eit tilvisingsark med tid for dusj. På Strax-huset blir tiggarane møtt av ein vektar. – Det er ikkje teke noko avgjersle, seier kommunaldirektør Magne Ervik. ARKIVFOTO: BJØRN ERIK LARSEN

## Ynskjer ny dusjrunde

**Ap og Venstre vil ha den nye sosialbyråden med seg attende til start i saka om tiggardusjane.**

EYSTEIN RØSSUM
eystein.rossum@bt.no

Ei av dei første oppgåvene Dag Inge Ulstein (KrF) får som ny sosial- og helsebyråd, blir å løyse saka som fekk forgjengaren, Lisbeth Iversen (KrF), til å kaste korta: Spørsmålet om kvar tiggarar og andre heimlause skal få tilgang til sanitæranlegg i Bergen.

Nå inviterer opposisjonen Ulstein til å nullstille debatten og byrje med blanke ark:

– La oss setje oss ned og byrje på nytt. Heile debatten vil ha godt av det, seier Siw-Anita Lien (Ap), som leiar helse- og sosialkomiteen i bystyret.

Byrådet kunngjorde tidlegare denne månaden at Strax-huset, tilbodet for byens tyngste rusmisbrukarar, skal brukast også av heimlause og tiggarar som treng ein dusj. Så gjekk Lisbeth Iversen av, fordi ho vart hetsa etter det opphavlege forslaget om å ta i bruk Sentralbadet.

– Vi vil invitere Ulstein til å setje seg ned med sosialtenestene og frivillige organisasjonar, som Robin Hood-huset og Kirkens Bymisjon. Så kan dei prøve å finne ei god løysing i fellesskap, seier Erlend Horn, gruppeleiar for Venstre i bystyret.

Dersom den nye byråden er villig til dette, vil Venstre og Ap gje han arbeidsro – ei stund. Vilkåret er at han droppar ideen om å bruke Strax-huset.

– Vi er sikre på at det går an å finne betre løysingar for alle. Å bruke Strax-huset er ikkje fagleg forsvarleg, og ein dårleg ide på alle måtar, seier Lien.

Det lykkast ikkje BT å få eit svar frå Ulstein i går.

Haraldsplass
DIAKONALE SYKEHUS
Bergen Diakonissehjem

*Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) AS har ansvar for akutt og elektiv medisin, kirurgi, ortopedi, geriatri og palliativ medisin. Sykehusets visjon som er "Kompetanse med hjertevarme" stiller store krav til våre leveranser. Dette både i forhold til faglig kvalitet og medmenneskelig ivaretakelse av pasienter og pårørende. Det er våre høyt kvalifiserte og dyktige medarbeidere som muliggjør at en slik ambisjon etterleves i hverdagen. Sykehuset eies av Bergen Diakonissehjem, en diakonal stiftelse innen Den norske kirke. Totalt sengetall er opp mot 200. Sykehuset har nærmere 950 medarbeidere og et driftsbudsjett på 650 mill. kroner. Sykehuset har driftsavtale med Helse Vest RHF. For mer informasjon se; www.haraldsplass.no*

# Kommunikasjonssjef

## Kommunikasjon – en suksessfaktor for endring og utvikling

Haraldsplass Diakonale Sykehus står foran en spennende tid med nytt bygg, ny organisasjonsstruktur og økt etterspørsel etter helsetjenester. Til å utarbeide og implementere en kommunikasjonsstrategi, samt være den sentrale bidragsyteren i den daglige kommunikasjon både eksternt og internt, søker vi en drivende, dyktig og målrettet kommunikasjonssjef. Du har høyere utdanning, gjerne innen kommunikasjonsfaget, og du har erfaring fra komplekse virksomheter med høye krav til kommunikasjonen. Du rapporterer til administrerende direktør og sitter i hennes ledergruppe.

Eventuelle spørsmål om stillingen kan rettes til Visindi AS ved Jenny Homme, tlf 916 56 102 eller Knut Eide, tlf 916 56 107. Din henvendelse behandles konfidensielt, om ønskelig også overfor oppdragsgiver. Søknad med CV sendes snarest via "Stillinger" på www.visindi.no.

visindi
– kloke ledervalg